



## **Vedtekter for Studenttinget ved Høgskulen i Volda**

Sist revidert 31.01.2018

## 1 § 1 Føremål

2 Studenttinget i Volda (STiV) er det øvste studentdemokratiske organet ved Høgskulen i Volda  
3 (HVO). STiV skal arbeide for studentane ved HVO sine faglege, velferdsmessige og  
4 demokratiske rettar, og fremje studentane sitt synspunkt ovanfor institusjonen sitt styre.

5

6 Underlagt STiV finst følgjande organ; Studenttinget, Studenttinget sitt valde Arbeidsutval  
7 (AU), og Studentrådet. I tillegg har STiV nedsett eigen kontrollkomité.

8

## 9 § 2 Styringsdokument

### 10 § 2-1 Vedtekter

11 Vedtektene er organisasjonen sine formelle reglar, og er overordna dei andre  
12 styringsdokumenta. Vedtektene kan reviderast. Forslag om vedtektsendringar skal varslast til  
13 representantane i Studenttinget to veker før møtet. Dei gjeldande vedtektene ligg alltid til  
14 grunn, og det må vere 2/3 fleirtal i Studenttinget for å vedta endringar. Endringane trer i kraft  
15 når endeleg dokument er vedteke.

16

### 17 § 2-2 Valreglement

18 Valreglementet til STiV gir retningslinjer for førebuing og gjennomføring av val i STiV.  
19 Dette gjeld ved val verv i Studenttinget, studentrepresentantar i råd- og utval, samt tillitsvalde.

20

### 21 § 2-3 Strategiplan

22 Strategiplanen er eit dokument om STiV sine overordna mål, som går over ein fireårsperiode.  
23 Kwart fjerde år skal ny strategiplan vedtakast, men han kan reviderast kvart år. Endringane  
24 trer i kraft når endeleg dokument er vedteke.

25

### 26 § 2-4 Arbeidsprogram

27 Arbeidsprogrammet er retningslinjene for STiV sitt politiske arbeid for det komande  
28 studieåret. Arbeidsprogrammet skal vedtakast kvart studieår ved nest siste Studenttingsmøte i  
29 vårsemesteret. Programmet kan reviderast ytterligare etter høve.

30

### 31 § 2-5 Budsjett

32 Budsjettet er STiV sine retningslinjer for den økonomiske drifta det komande året. Budsjettet  
33 skal vedtakast årleg ved fyrste Studenttingsmøte på vårsemesteret, og trer i kraft umiddelbart.

34 Revidering av budsjett skal på dagsorden i løpet av vårsemesteret, men også etter behov eller  
35 ynskje.

36

### 37 **§ 2-6 Forretningsorden**

38 Forretningsorden for Studenttinget i Volda fastset reglar og retningslinjer for ordskiftet i  
39 studenttingsmøta.

40

### 41 **§ 2-7 Gjennomføring av endringar i styringsdokumenta**

42 Alle studentar ved HVO har moglegheit til å fremje forslag til endring av STiV sine vedtekter  
43 og styringsdokument. Årsak til ynskje om endringsforslag kan leggast ved skriftleg, og då  
44 skal dette også leggast fram for Studenttinget for handsaming.

45

46 Endringar av STiV sine vedtekter og styringsdokument skal gjerast av Studenttinget, og krev  
47 minst 2/3 fleirtal. Alle forslag til endringar av STiV sine vedtekter og styringsdokument skal  
48 fyrst handsamast av STiV sitt Arbeidsutval. Dei skal kome med skriftleg innstilling til vedtak  
49 til Studenttinget. Det er mogleg for medlemmar i AU å ta ut dissens.

50

## 51 **§ 3 Økonomi**

### 52 **§ 3-1 Budsjett**

53 Det er Arbeidsutvalet i STiV si oppgåve å utarbeide forslag til budsjett. Dette blir lagt fram  
54 for Studenttinget, jf. § 2-5.

55

56 Arbeidsutvalet i STiV har mynde til å gjere om på dei ulike budsjettpostane med inntil 5000  
57 kr per semester uavhengig av post, om dette er til det beste for studentane ved HVO. Ved  
58 større summar må budsjettendring vedtakast av Studenttinget.

59

### 60 **§ 3-2 Rekneskap**

61 Arbeidsutvalet i STiV skal leggje fram rekneskap for godkjenning for året som har gått ved  
62 fyrste Studenttingsmøte etter årsskiftet. Regnskapet fylgjer ordinært kalenderår. Rekneskapet  
63 til STiV er offentleg, og ein kan få innsyn i rekneskapet på førespurnad.

64

## 65 **§4 Mistillit**

### 66 **§ 4-1 Mistillit til verv i STiV**

67 Medlemmar av eit av STiV sine organ, samt studentrepresentantar i råd og utval ved HVO,  
68 kan bli stilt mistillitsforslag. Vedkomande kan då verte løyst frå vervet og verte erstatta av ein  
69 person valt av Studenttinget, dersom mistillitsforslaget får naudsynt fleirtal (jf. § 4-2). Den  
70 som det blir stilt mistillit til, skal få høve til å uttale seg.

71

72 Det er berre registrerte studentar i inneverande studieår som kan stille mistillitsforslag.

73

#### 74 **§ 4-2 Prosedyrar ved mistillit og fråtreding**

75 Mistillit må verte vedteke med 3/4 fleirtal av Studenttinget. Dette kan skje på eit ordinært  
76 studenttingsmøte, eller eit ekstaordinært møte, jf. § 5.3.4. Vedtak om mistillit skal skje bak  
77 lukka dører, og avstemminga skal vere skriftleg og anonym. Saker om mistillit skal  
78 unndragast offentlege referat.

79

80 Vedkomande som får stilt mistillitsforslag mot seg, skal informerast om dette i god tid før  
81 voteringsmøtet. Arbeidsutvalet vel ut ein eller fleire som tek ansvar for saksgongen, med  
82 mindre dette møter motstand i Studenttinget.

83

84 Dersom ein fråtrer vervet, vil første vara automatisk bli hovudrepresentant for resten av  
85 perioden. Dersom representanten ikkje har vararepresentant og det er meir enn to møter igjen  
86 av studieåret, skal det haldast suppleringsval, jf. STiV sitt valreglement § 1-5.

87

### 88 **§ 5 Studenttinget**

#### 89 **§ 5-1 Samansetning**

90 Studenttinget er studentdemokratiet sitt øvste organ, og skal ha representantar frå alle  
91 avdelingane ved HVO. Det er sett saman av elleve faste studentrepresentantar og elleve  
92 varaer. Av dei elleve faste representantane, skal åtte vere likt fordelt frå dei fire avdelingane.  
93 Dei resterande tre er frie representantar, og fungerer som utjamningsmandat. Detaljar knytt til  
94 gjennomføring av valet er nærare beskrive i Studenttinget sitt valreglement, § 1.

95

#### 96 **§ 5-2 Føremål**

97 Studenttinget skal aktivt arbeide for å sikre studentane ved HVO sitt læringsmiljø og faglege  
98 utbytte. Dei ulike studenttingsrepresentantane har ansvar for å forhøyre seg på sine respektive  
99 avdelingar om utfordringar og forbettringspotensiale på studiet.

100 Studenttinget skal handsame og gjere vedtak i saker som framkjem av organisasjonen sine  
101 styringsdokument, jf. § 2. Dette inkluderer arbeid med revidering, godkjenning og vedtak av  
102 STiV sine vedtekter, strategiplan, budsjett og arbeidsprogram.

103

104 Det skal, så tidleg det let seg gjere, veljast inn studentrepresentantar til HVO sine råd og utval  
105 for inneverande studieår.

106

### 107 **§ 5-3 Møteregelement**

#### 108 § 5-3-1Fristar

109 Innkalling til studenttingsmøta skal skje seinast 14 dagar før møtedagen. Saker til sakslista må  
110 vere inne seinast 10 dagar før møtedatoen, og sakspapir skal vere utsendt seinast 7 dagar før  
111 møtedatoen.

112

113 Det skal leggjast fram ein møteplan på første ordinære møte i studieåret.

114 Innkalling til første møte i studieåret er gyldig om ho kjem seinast 7 dagar før møtedatoen.

115

#### 116 § 5-3-2 Rettar og plikter

117 Møteplikt:

118 - Faste studenttingsrepresentantar

119 - Vara i fast representant sitt fråvær

120 - Arbeidsutvalet

121 - Organisasjonskonsulent

122 - Kontrollkomite jf. § 8

123 - Ordstyrar

124

125 Møterett:

126 - Alle studentar og tilsette ved HVO

127 - Gjester

128 - Uynskte personar kan visast bort etter vedtak

129

130 Talerett

131 - Alle med møteplikt- og rett

132

133 Forslagsrett

134 - Studentar ved HVO  
135 - Andre kan få forslagsrett ved enkeltvedtak

136

137 Røysterett

138 - Faste studenttingsrepresentantar

139 - Vara i fast representant sitt fråvær

140

141 Saksfremjingsrett

142 - Studenttingets medlemmar

143 - Arbeidsutvalet

144 - Andre kan få saksfremjingsrett ved enkeltvedtak

145

146 § 5-3-3 Møtegjennomføring

147 Arbeidsutvalet, i samarbeid med organisasjonskonsulent, har ansvar for at sakspapira blir  
148 sendt ut til Studenttingets medlemmar, kontrollkomité og eventuelt andre partar, jf. §5-3-1.

149 Organisasjonskonsulent skal føre referat frå alle møter, med mindre det blir delegert til andre.

150

151 For at Studenttingsmøter skal vere vedtaksdyktige, må minst 2/3 av medlemmane med  
152 stemmerett vere til stades.

153

154 Røysting skal gjennomførast med utdelt stemmesetel. Unntak er røysting ved urneval, då det  
155 her skal brukast eigne lappar. Røysting blir gjort skriftleg dersom minst ein av dei røysteføre  
156 ynskjer dette. AU innstiller på teljekorps om naudsynt. Røysting vert avgjort med alminneleg  
157 fleirtal om ikkje anna vert nemnt. Ved røystelikskep får alle studentar som er til stades i møtet  
158 røysterett, utanom arbeidsutvalet, kontrollkomiteen, sekretariatet og ordstyrar. Dersom det  
159 ikkje er andre studentar til stades blir saka utsett til neste møte. Dei som etter § 5-3-2 har  
160 forslagsrett, har moglegheit til å skriftleg leggje fram si meining i ei sak dersom dei er  
161 forhindra i å delta på møtet.

162

163 § 5-3-4 Ekstraordinært møte

164 Det kan kallast inn til ekstraordinært studenttingsmøte ved særleg viktige saker dersom eit  
165 alminneleg fleirtal av studenttingsrepresentantane eller eit samrøystes arbeidsutval ynskjer  
166 det. Eit slikt møte skal kunngjerast seinast ei veke før møtet, og sakspapira skal gjerast  
167 tilgjengeleg for representantane seinast tre dagar før møtedagen.

168 **§ 5-4 Arbeidsgrupper**

169 Studenttinget kan setje ned ei arbeidsgruppe når dei ser behov for det. Arbeidsgruppa skal  
170 verte gitt eit mandat, og det skal utpeikast ein leiar som har ansvar for møteinnkalling,  
171 kontinuitet i arbeidet og rapportering til Studenttinget.

172

173 **§ 6 Arbeidsutvalet**

174 **§ 6-1 Samansetning og formål**

175 Arbeidsutvalet (AU) i STiV er Studenttinget sitt dagleg arbeidande organ og førebur saker for  
176 Studenttinget. Dei skal ha ein stillings- og arbeidsinstruks som er godkjent av Studenttinget.  
177 De ulike stillingsinstruksane er opne for revidering kvart år. Arbeidsutvalet består av fem  
178 verv; leiar, fagansvarleg, velferdsansvarleg, informasjonsansvarleg og internasjonalt  
179 ansvarleg.

180

181 Medlemmar i Arbeidsutvalet kan ikkje inneha verv i Høgskulestyret samstundes som ho/han  
182 sit som medlem i Arbeidsutvalet. Leiar i AU kan ikkje inneha verv i styret i  
183 Studentsamskipnaden i Volda samstundes som ho/han sit som leiar i STiV.

184

185 **§ 6-2 Føremål**

186 Arbeidsutvalet skal utarbeide og leggje fram forslag til organisasjonen sine styringsdokument,  
187 jf. § 2. AU skal gjennomføre tilstrekkjeleg med møter til å drive saksførebuing til  
188 Studenttinget. Det inneber å innstille i alle saker som blir lagt fram for Studenttinget. Sakene  
189 kan, der det er høveleg, sendast på høyring før handsaming i Studenttinget.

190

191 AU sørgjer for at vedtak fatta i Studenttinget vert fylgt opp og gjennomført, og skal bruke  
192 økonomiske og personalmessige ressursar i samsvar med STiV sine styringsdokument. AU  
193 legg fram årsmelding med rekneskap for kvart kalenderår for Studenttinget. Avtroppande AU-  
194 medlemmar leverer skriftlege rapportar om arbeidet i vervet for å sikre kontinuitet og gode  
195 overgangar ved val av nye medlemmar i AU.

196

197 **§ 6-3 Konstituering**

198 Arbeidsutvalet konstituerer seg sjølv etter kvart val av AU i Studenttinget ved å velje ein  
199 nestleiar innbyrdes. Nestleiar fungerer som leiar i leiars fråvær, og deltek på leiingsmøter og

200 andre forum der det opplevast naudsynt. Medlemmar av AU må vere registert student hjå  
201 Høgskulen i Volda når han eller ho tiltrer sitt verv.

202

### 203 **§ 6-4 Funksjonstid**

204 Eit medlem av Arbeidsutvalet sit i si stilling fram til nytt val vert gjennomført i Studenttinget.  
205 Unntak er dersom eit medlem sjølv trekkjer seg tidligare, eller av årsaker nemnt under ikkje  
206 kan inneha vervet:

207

208 a) Dersom eit medlem av AU blir stilt mistillit til og dette får fleirtall i Studenttinget,  
209 fyljer prosedyrer jf. § 4-2.

210

211 b) Dersom eit medlem av AU sluttar som student ved HVO, må vedkomande trekkje seg  
212 frå vervet sitt. Vedkomande vil inneha vervet til suppleringsval og  
213 overlappingsperiode er gjennomført.

214

215 Av- og påtroppande medlemmar i AU skal delta likestilt i ein overlappingsperiode som går  
216 over ein månad, med start i valdatoen. Føremålet er opplæring av nye medlemmar.

217

### 218 **§ 6-3 Møtegjennomføring**

219 Arbeidsutvalet bestemmer sjølv korleis dei driv interne møter. Det skal skrivast referat frå  
220 arbeidsutvalsmøter. Referata er offentleg tilgjengelege på førespurnad.

221

## 222 **§ 7 Organisasjonskonsulent**

223 Organisasjonskonsulenten utgjer STiV sitt sekretariat, og har det daglege administrative  
224 ansvaret for Arbeidsutvalet. Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret for  
225 organisasjonskonsulenten, og utarbeider stillings- og arbeidsinstruks i samarbeid med leiar og  
226 nestleiar i STiV sitt arbeidsutval. Stillings- og arbeidsinstruks må godkjennast av  
227 arbeidsutvalet i STiV.

228

229 Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studenttinget i samråd  
230 med Høgskulen.

231

232



## 233 § 8 Kontrollkomité

234 Kontrollkomiteen skal syte for at STiV si verksemd fylgjer gjeldande styringsdokument.

235 Komiteen skal bestå av inntil to medlemmar som ikkje har andre verv som er en del av STiV,  
236 eller der STiV er valkrins.

237

238 Kontrollkomiteen har i oppgåve å føre kontroll med at STiV sine organ fylgjer gjeldande  
239 styringsdokument og fatta vedtak, sjå til at STiV sine ressursar vert disponert i samsvar med  
240 budsjetta, og føre kontroll med gjennomføring av val der Studenttinget er valkrins.

241

242 Kontrollkomiteen deltek på alle møter i Studenttinget, og på møter med Arbeidsutvalet minst  
243 ein gong i månaden.

244

## 245 § 9 Tillitsvalde

246 Det skal veljast tillitsvald og vara ved alle studieprogram som er bachelorgrad og mastergrad,  
247 samt årsstudium som gir 30 studiepoeng eller meir per semester. Funksjonstida fylgjer  
248 ordinært skuleår, med mindre representanten fråtrer sitt verv som tillitsvald på tidligare  
249 tidspunkt. Då av eige ynskje eller ved mistillit, jf. § 4. Vedkomande vert då erstatta av ein ny  
250 representant valt av klassen. Tillitsvalt har rett på attest frå Studenttinget.

251

252 Tillitsvalte ved HVO har informasjonsplikt ovanfor medstudentar på studiet om informasjon  
253 frå høgare studentorgan. Dei skal arbeide for å ivareta studentane sine interesser på avdelings-  
254 og institusjonsnivå.

255

### 256 § 9-1 Studentrådet

257 Studentrådet er et forum for tillitsvalte ved HVO. Det skal gjennomførast minst eitt møte  
258 kvart semester. Ansaret for planlegging, invitasjon, mobilisering og gjennomføring av møtet  
259 ligg hos fagansvarleg i Arbeidsutvalet i STiV.

260

261 Alle tillitsvalde ved HVO har møteplikt. Personleg vara skal tilkallast etter høve. STiV sitt  
262 Arbeidsutval og dekanane ved HVO er invitert som gjestar. Alle studentar ved HVO har  
263 møterett. Alle studentar og dekanar ved HVO har talerett og forslagsrett, men berre dei  
264 tillitsvalde har stemmerett.

265